



Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til jordbrukspolitikken

Hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane gjorde 2. februar 2016 som sak 19/16 slikt endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:
 - a. Det er behov for forskning og utvikling innan grøvforproduksjon slik at ny teknologi og kunnskap kan bidra til meir effektiv husdyrhald.
 - b. Investeringsstøtta til driftsbygningar må aukast kraftig om mjølkeproduksjon og produksjon av kjøt frå storfe skal oppretthaldast, jamfør nye retningslinjer frå 2014 med krav om lausdrift for storfe.

Med helsing

Jan Heggheim
Fylkesdirektør for næring

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Sakshandsaming til hovudutval for næring og kultur 2. februar 2016
Fråsegn – innspel til ny jordbruksmelding v/Sogn og Fjordane bondelag
Lausdriftskravet 2024 – fråsegn frå Sogn og Fjordane bondelag

Mottakar (ar)

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep. 0030 OSLO

Kopi til:



Lausdriftskravet 2024 – svar på intern høyring

Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ser på denne saka som **den viktigaste saka for utviklinga av landbruket i fylket vårt**. (Vi føreset at vi klarar å lande tollvern, marknadsbalansering og lovverk på ein god måte for næringa.)

Denne saka har vore ute på høyring i lokallaga, og engasjementet har vore stort. Kring 30 lokale Bondelag sende innspel i saka. Alle er tydelege på at det vil vere umogleg å kome i mål med dagens politikk. Dei er også tydelege på at bruk må kunne investere med 15-20 mjølkekyr. Arbeidsomfanget på slike bruk er meir enn stort nok med den geografien og dei areala vi finn i fylket. Fylkesstyret har brukt mykje tid på denne saka i haust, og det var ein grundig diskusjon i styremøtet. I styremøtet den 29. oktober 2015 gjorde styret følgjande vedtak:

Vedtak


Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ser ikkje korleis det skal vere mogleg å få bygd lausdriftfjøs som kan produsere noverande volum utan at svært sterke økonomiske og tekniske verkemiddel vert tekne i bruk:

- Trongen for investeringsverkemidlar må synleggjerast for politikarane. Det vedkjem både totalpotten og økonomiske og tekniske løysingar som kan gjere det mogleg for mindre bruk å byggje om til lausdrift.***
- Politikarane må, når trongen for pengar er klar, utfordrast på å tilføre næringa ein ekstraordinær investeringspakke som gjer overgangen til lausdrift mogleg også for mindre og mellomstore driftseiningar innan fristen i 2024***
- Innovasjon Norge i samarbeid med storfeprosjektet må gjennom prioritering i søkjarmassen medverke til realisering og synleggjering av visningsfjøs i mindre storleik med ulike gode løysingar for lausdrift***
- Dersom politikarane ikkje er viljuge til å løyve dei kronene som skal til for at volumet på mjølkeproduksjonen i distriktsfylke som Sogn og Fjordane kan oppretthaldast, må det opnast opp for ei utsetjing av kravet. Utsetjinga må vere av slik varigheit at alle som ynskjer å halde fram med å produsere mjølk skal få bygt lausdriftfjøs.***

Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer at Norges Bondelag skal arbeide målretta mot å få ein ekstraordinær investeringspakke knytt til mjølkeproduksjonen. Dersom ein ikkje lukkast med det må politikarane gjere dei naudsynte vedtak som hindrar ei massiv nedlegging av bruk i 2024. Det er ikkje akseptabelt om mange mindre mjølkeprodusentar må legge ned drifta i 2024 fordi politikarar ikkje har følgd opp eigne vedtak og pålegg med tilstrekkeleg sterke økonomiske verkemidlar.

Bakgrunn for vedtaket

I kva grad Sogn og Fjordane klarar å oppretthalde mjølkeproduksjonen på noverande nivå og helst eit auka nivå framover, vil vere avgjerande for korleis fylket vårt ser ut, busetnad og næringsutvikling som grunnlag for verdiskapinga frå landbruksnæringa. Figuren nedanfor syner tydeleg kvifor det er slik.



Figur 1: Verdiskaping i landbruket i Sogn og Fjordane fordelt etter produksjon i 2013.
Kjelde: NIBIO

Samstundes er det slik at Sogn og Fjordane i gjennomsnitt har dei minste kvotane i landet. Det medfører at utfordringa med å klare å få flytta alle kyr frå bås til lausdrift vil vere umogleg å nå med dagens lønsemd og politiske prioriteringar. Skal det skje må det ein heilt annan vilje til for å styrke investeringsverkemidlane både frå politikarane, men også frå vår eigen organisasjon. Dette må skje på ein slik måte at også mindre og mellomstore bruk kan fornye seg utan å måtte vekse ut av både geografien bruka ligg i og det som vil vere økonomisk og miljømessig berekraftig. Norges Bondelag sitt eige notat om kva økonomisk stimulering som skal til, illustrerer på ein god måte kva det handlar om. Det krevst svært sterke investeringsverkemidlar om vi skal få ei målretta fornying på bruk ned mot 20 årskyr. Ein stønadsprosent på 40 % pr. prosjekt vil vere naudsynt skal vi ta festtalene om eit landbruk i heile landet på ALVOR!

Sogn og Fjordane har tidvis fått kjeft fordi vi har vore tydelege på å prioritere økonomien i kvart prosjekt fram om at mange skal få. Det gjorde vi sist det var rom for å gjere regionale tilpassingar, og det har vi gjort i 2015. Utan denne lokale prioriteringa hadde vi aldri kunna klart å oppretthalde mjølkeproduksjonen slik fylket vårt trass alt har klart. Investeringsane som har vore gjort har teke opp i seg kvote som har vore lagt ut på sal. I 2015 har vi hatt 2 millionar som tak og ein prosent på 25. Det har gjeve som resultat at vi i 2015 har flytta utbygginga av fjøs frå å vere bygg med plass til 45- 55 kyr til no å vere bygg med kring 35 kyr. Dette er eit steg i rett lei, men vi må få bygt fjøs som er mindre enn dette skal vi klare å alle kyr over i lausdrift. Neste steg på vegen er å auke prosenten. Det vil målrette verkemidlane endå meir inn mot familiebruket. Eit tak på 2 millionar og støtteprosent på 30 vil gje maksimal utteljing for ein kostnad på 6,67 millionar. Ein kostnad som er rimeleg realistisk for å bygge ei kuavdeling med mjølkerobot til 30 kyr.

På temamøte om mjølkeproduksjonen på Skei i slutten av oktober deltok det over 200 personar. På dette møtet vart ulike konkrete utbyggingar gått gjennom. Mellom anna fortalde ein ung bonde frå Eid si historie. Han hadde bygt tilbygg til eksisterande fjøs for 30 mjølkekyr. For 2 år sidan. Kostnaden då var 5,88 millionar. Han klarte løftet ved hjelp av mykje eigenkapital. Det er det langt frå alle bruk som har. Den store utfordringa er at vi må klare å flytte mjølk frå bås til lausdrift også for fjøs med færre enn 30 årskyr. Dette vil vere heilt naudsynt om skal vi nå målet om å framleis ha ein mjølkeproduksjon i heile fylket og heile landet. Då krevst det endå høgare støtteprosent pr. prosjekt. *(Plansjar som synleggjer ulike problemstillingar som vart innleia om på møtet er limt inn som vedlegg på eigne sider i slutten av dokumentet)*

Trong for investeringsverkemidlar ved ulike alternativ berre for Sogn og Fjordane fylke

Det er i dag om lag 60 millionar liter mjølk som vert produsert på bås og ikkje i lausdrift i vårt fylke. Mjølkeprosjektet har rekna på tre alternative strukturar for utbygging.

Alter nativ	Tal kyr	Kvote i liter etter utbygging	Tal fjøs som trengst	Kostnad pr. liter å flytte	Total kostnad	Kostnad pr fjøs
1	22 kyr	150 000	400	35 kr	2 100 000 000	5 250 000
2	35 kyr	250 000	240	30 kr	1 800 000 000	7 500 000
3	47 kyr	350 000	171	23 kr	1 380 000 000	8 070 000

Når vi ser kva stad i fylket det er bygt om til lausdrift og kva bygder som står att vil det vere heilt klart at det er alternativ 1 som er det realistiske for å sikre arealutnytting. Vi snakkar då i praksis om eit tilbygg til eksisterande bygg for mjølkekyr med mjølkerobot.

Alter nativ	Kvote i liter etter utbygging	Investeringsstilskot pr prosjekt 40 % Ikkje tak	Sum total trong for Investeringsstilskot ved målretta satsing
1	150 000	2 100 000	840 millionar

Alter nativ	Kvote i liter etter utbygging	Investeringsstilskot pr prosjekt. 30 % støtte Ikkje tak	Sum total trong for Investeringsstilskot ved målretta satsing
2	250 000	2 250 000	540 millionar

Alter nativ	Kvote i liter etter utbygging	Investeringsstilskot pr prosjekt. Tak 2 millionar	Sum total trong for Investeringsstilskot ved målretta satsing
3	350 000	2 000 000	342 millionar

I utrekningane ovanfor, som syner total trong for investeringsverkemidlar, har vi lagt til grunn føresetnader som skal sikre økonomi for brukaren etter utbygging. Skal det skje treng den som byggjer for mindre volum sterkare stimulering enn den som byggjer stort. Til dårlegare investeringsverkemidlane er til større byggjer bonden. Mjølkerobot må vi pårekne at bønder som skal produsere mjølk etter 2024 vil ha.

Vedtak i fylkesstyret

På bakgrunn av alle innspel som er kome inn og kor viktig mjølkeproduksjonen er for fylket, har fylkesstyret gjort følgjande vedtak:

Vedtak



Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ser ikkje korleis det skal vere mogleg å få bygd lausdriftfjøs som kan produsere noverande volum utan at svært sterke økonomiske og tekniske verkemiddel vert tekne i bruk:

- **Trongen for investeringsverkemidlar må synleggjerast for politikarane. Det vedkjem både totalpotten og økonomiske og tekniske løysingar som kan gjere det mogleg for mindre bruk å byggje om til lausdrift.**
- **Politikarane må, når trongen for pengar er klar, utfordrast på å tilføre næringa ein ekstraordinær investeringspakke som gjer overgangen til lausdrift mogleg også for mindre og mellomstore driftseiningar innan fristen i 2024**
- **Innovasjon Norge i samarbeid med storfeprosjektet må gjennom prioritering i søkjarmassen medverke til realisering og synleggjering av visningsfjøs i mindre storleik med ulike gode løysingar for lausdrift**
- **Dersom politikarane ikkje er viljuge til å løyve dei kronene som skal til for at volumet på mjølkeproduksjonen i distriktsfylke som Sogn og Fjordane kan oppretthaldast, må det opnast opp for ei utsetjing av kravet. Utsetjinga må vere av slik varigheit at alle som ynskjer å halde fram med å produsere mjølk skal få bygt lausdriftfjøs.**

Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer at Norges Bondelag skal arbeide målretta mot å få ein ekstraordinær investeringspakke knytt til mjølkeproduksjonen. Dersom ein ikkje lukkast med det må politikarane gjere dei naudsynte vedtak som hindrar ei massiv nedlegging av bruk i 2024. Det er ikkje akseptabelt om mange mindre mjølkeprodusentar må legge ned drifta i 2024 fordi politikarar ikkje har følgd opp eigne vedtak og pålegg med tilstrekkeleg sterke økonomiske verkemidlar.

Vedlegg

Statistikk



Kjelde: FMLA, Sogn og Fjordane

Struktur kvotar landet


Rapport nr. R 204 KU - Kvoter 2015, strukturfordeling		
Foretakets kvote - intervall	Antall foretak	Disponibel kvote
< 40 000	354	7 764 426
40 - 60 000	503	25 479 916
60 - 80 000	793	56 148 411
80 - 100 000	954	85 892 187
100 - 120 000	1 097	120 432 792
120 - 160 000	1 621	224 665 578
160 - 200 000	1 030	183 904 990
200 - 240 000	684	149 087 695
240 - 280 000	394	102 294 533
280 - 320 000	340	101 748 238
320 - 360 000	305	103 075 122
360 - 400 000	242	91 943 527
400 - 500 000	424	185 986 785
500 - 600 000	244	133 156 482
600 - 700 000	67	42 789 291
700 - 800 000	50	37 439 297
>800	29	25 925 543
Landet	9 131	1 677 734 813

Sogn og Fjordane:			
Foretakets kvote - intervall	Antall foretak	Disponibel kvote	
(A) < 40 000	56	1528350	
(B) 40 - 60 000	105	5354884	
(C) 60 - 80 000	124	8685995	
(D) 80 - 100 000	138	12315383	
(E) 100 - 120 000	113	12335317	
(F) 120 - 160 000	129	17678931	
(G) 160 - 200 000	76	13562504	
(H) 200 - 240 000	35	7628542	
(I) 240 - 280 000	17	4368308	
(J) 280 - 320 000	19	5688932	
(K) 320 - 360 000	8	2659384	
(L) 360 - 400 000	12	4582133	
(M) 400 - 500 000	20	8929532	
(N) 500 - 600 000	16	8669726	
(O) 600 - 700 000	4	2606355	
Sum:	872	116594276	

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Døme på utbygging – tilbygg til eksisterande fjøs

Døme frå Gustav Orheim i Eid kommune sitt mjølkebruk



Utgangspunkt

- ▶ 130 tonn kvote i 2011
- ▶ Båsfjøs frå 1985 med plass til 18 melkekyr
- ▶ Melk heile året for å utnytte bås plassane
- ▶ Sinkyr, kviger og kalvar i eldre del av bygningen
- ▶ Oksar vert selde som kalvar
- ▶ Ca 150 mål dyrka mark, 50 mål innmarksbeite
- ▶ Relativt høgt mekaniseringsnivå

Kvifor ynskje om endring?

- ▶ Stifta familie, ynskje om meir fleksibel kvardag og arbeidstid
- ▶ Kapasitet i eksisterande bygning var sprengd
- ▶ Kan ikkje forvente å ha hjelp av foreldre og annan familie til evig tid
- ▶ Lausdrifts krav som stadig kom nærmare
- ▶ Tvilar på at helsa ville holde i båsfjøs
- ▶ No eller aldri

Grunnleggjande føringar

Areal:

- ▶ lite tilleggsareal å oppdrive
- ▶ vil ha utgangspunkt i det eg har kring meg
- ▶ unngå lange transportavstandar
- ▶ minst mogleg kjøp av grovfor

Kvote:

- ▶ med utgangspunkt i areal, 230 tonn melk

Bygg:


- ▶ inga eigna tomt til frittståande nybygg
- ▶ sjå om ein kunne nytte eksisterande bygning i samband med eit tilbygg
- ▶ framleis ha kort fjøsvei
- ▶ byggje berre til melkekyr/sinkyr
- ▶ ungdyr, sjuke- og kalvingsbingar gamlefjøs
- ▶ nytte eksisterande melkerom


Grunnpilarar i byggjeprosessen

- ▶ *Søvn*
- ▶ *Mat*
- ▶ *Familie, (søndagane vart nesten uten unntak avsett til å vere i lag med kone og barn)*

Frå bås til lausdrift – utfordringa sett med prosjektleiaren for mjølkeprosjektet sine auge.

Jo Helge Sunde har jobba med utbyggingar på mjølkebruk i over 10 år. Han er sannsynlegvis den som kjenner mjølkeproduksjonsbruka på nordvestlandet best gjennom eit svært stort tal samtaler med mjølkebønder som vurderer omlegging frå båsfjøs til lausdriftfjøs.






Stuktur: Gjennomsnitt båsfjøs i Sogn og Fjordane = 91.000 liter. Det betyr at der er mange båsfjøs som er mykje mindre enn det.

TINE
TINE RÅDGIVNING

Er det realistisk å flytte ca. 60 mill. liter frå båsfjøs til lausdriftsfjøs fram til 2024?

- 7,5 mill liter mjølk kvart år**



TINE
TINE RÅDGIVING

Korleis blir strukturen etter ferdig omlegging med alternativ 1, 2 og 3?

(Føresett at vi framleis har 102 mill liter i fylket)



TINE
TINE RÅDGIVNING


Kva skjer no ?

Nesten alle satsar på robot i nye fjøs.

Storleiken på nye lausdriftsfjøsar har gått ned, særleg siste året.
Gjennomsnitt ca. 30 – 35 årskyr, tidlegare 45 – 55 årskyr.
Vi byggjer 10 – 12 lausdriftsfjøs kvart år.

Dette skjer på trass av dagens landbrukspolitikk fordi:

- Meir investeringsstøtte. (Lokal landbrukspolitikk)
- Mange av gardane med dei beste jordressursane er ferdig utbygd.
- Færre samdrifter enn før.
- Mindre behov for kvotekjøp og kvoteleige på det enkelte bruk.
- Mindre frakting av husdyrgjødsel og fôr.
- Meir berekraftig/mindre sårbart ??? (Meir behov for inntekt utanom garden).



TINE
TINE RÅDGIVNING

Utbygging ulike alternativ.
Avdrått ca. 8.100 liter/ku og **høg avdrått ca 10.000 liter/ku**

Mjølkeleveranse liter	Deknings- bidrag. Inkl. tilskot Tal Tusen	Ny fjøs Kostn. Etter tilskot Tal mill	Rente/avdrag 5%/20 år Tal tusen	Faste kostnader Tal tusen	Gj.sn. Inntekt til disp. for alt arbeid Tal tusen
150 000 (22 kyr)	900	4	300	500	100
190 000	1 000	4	300	512	188 (+ 88)
250 000 (35 kyr)	1 300	6	450	630	220
315 000	1 480	6	450	649	381 (+ 161)
350 000 (47 kyr)	1 700	7	525	780	395
440 000	2 000	7	525	807	668 (+ 273)
450 000 (60 kyr)	2 150	9	675	910	565
565 000	2 530	9	675	945	910 (+ 345)



Konklusjon

- Dersom vi held fram med dagens fart på utbygging, kan ein klare å flytte ca. 30 mill liter, dvs. 3 - 4 mill liter pr år, frå bås til lausdrift med dagens rammer.
- Vi kjem ikkje i mål innan 2024 med nokon av dei 3 alternativa: 150.000 liter, 250.000 eller 350.000 liter med med dagens rammevilkår.

Hovudkonklusjon:

- Sogn og Fjordane kjem til å mangle ca 30 mill liter frå lausdriftfjøs i 2024
- Lausdriftskravet må fjernast/utsetjast på dei minste bruka for å få dei med vidare.
- Totaløkonomien etter utbygging for bruk mellom 20 og 30 kyr vil vere avgjerande for vår evne til å halde på vår relative del av mjølkeproduksjonen i fylket.

Fråsegn – innspel til ny jordbruksmelding

På landbruks- og matdepartementet si side er det lagt ut følgjande informasjon den 13. januar: *Regjeringen er i gang med å skrive en melding til Stortinget om jordbrukspolitikken. Dette skal være en næringspolitisk melding som skal legge rammer for norsk matproduksjon framover. Spørsmål som blir behandlet i meldingen er hvordan matproduksjonen kan økes, effektiviteten kan styrkes og hvordan konkurransekraften for jordbruksnæringen kan bedres.*

I følgje departementet skal jordbruksmeldinga vere ei:

- Næringspolitisk melding som skal legge rammene for norsk matproduksjon framover.
- Korleis ein auke matproduksjonen
- Korleis ein styrke effektiviteten i norsk matproduksjon
- Korleis ein betre konkurransekrafta for jordbruksnæringa

Vi må vere offensive i inngangen og fortelje kva som må til for å styrke norsk matproduksjon. Samstundes må ein vere tydelegare på at det trengst eit økonomisk løft for å motverke at store deler av norsk landbruksareal går ut av drift med ei stadig større sentralisering av produksjonen. Denne sentraliseringa ser vi tydeleg i dag, og det vil berre forsterke seg om ein ikkje klarar å målrette verkemidlane i større grad mot deler av landet der areal går ut av drift. Det ligg stort potensiale i å ta unyttet areal i bruk.

Styret i Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer eit tydeleg innspel som først og fremst tek tak i korleis ein kan auke norsk matproduksjon og korleis ein kan sikre marknadsmoglegheitene for ein auka produksjon basert på norske ressursar.

Viktige element vil vere

- **Sikre marknadsmoglegheitene – gjennom styrka tollvern og fungerande marknadsordningar**
- **Styrke jordbruksavtalen som grunnlag for økonomisk utvikling i tråd med mål**
- **Eigedomsregelverk og skattepolitikk som styrkar familiejordbruket og sjølv eigande bønder**
- **Styrke matproduksjon i distrikta gjennom ei eiga målretta satsing. Eit eige kapittel om dette i meldinga**
 - Kartlegging av areal som er gått ut av bruk.
 - Kvar arealet ligg
 - Kva produksjon med marknadspotensiale som dette arealet er eigna for
 - Målretta tiltak som gjer det attraktivt å ta dette arealet i bruk at
 - Setje i verk tiltak innan mjølkeproduksjonen, for å motverke at endå meir areal i distrikta går ut av produksjon. Med ein situasjon der all vekst i marknaden skjer på import går Noreg glipp av ei stor verdiskaping frå jord til bord. Men, det hjelp ikkje med fromme ynskje om at mjølkekua skal ete mindre importert kraftfôr og gå meir på beite. Det krevst store positive økonomiske verkemidlar for små og mellomstore produsentar i distrikta. Vi snakkar i praksis om det vi

kan kalle eit skikkeleg løft. Med dagens politikk vil kua forsvinne frå stadig fleire kommunar, og med henne vil areal gå ut av drift då alternativa i andre produksjonar er få.

- Vi ser ei liknande utvikling i ammekuproduksjonen som for mjølk. Det løner seg med store buskapar. Buskapsstorleikar som vert altfor store i høve til kva som er praktisk mogleg å få til i distrikta. Verkemidlane må også innan denne produksjonen styrke dei små og mellomstore produsentane
- Styrke økonomi i bruk av utmark.
- Vi ser også at ein innan grøntnæringa får ei gradvis sentralisering til lett drivne areal sentralt i landet. Meldinga må setje eit ekstra fokus på grøntproduksjon i distrikta

Om ein oppsummerer, så ser vi ei sterk sentralisering av norsk matproduksjon til dei mest lett drivne og bynære areala i Sør, Aust og i Trøndelag. Dette går heilt av seg sjølv, og det syner at dagens politikk ikkje har sterke nok økonomiske verkemidlar til å motverke dette. Dette må takast på alvor, og det må i Jordbruksmeldinga kome endå tydelegare fram at skal vi klare å auke norsk matproduksjon på norske ressursar må heile landet takast i bruk. Dagens verkemidlar sikrar ikkje dette. Det går stegvis feil veg ved at areal går heilt ut av drift i distrikta. Jamfør denne reportasjen som syner kva som skjer i vårt fylke:

<http://www.nrk.no/sognogfjordane/100.000-dekar-ute-av-drift-1.12747815>

- **Styrke og målrette velferdsordningane gjennom ein total gjennomgong**
 - Utvikle ordningar tilpassa dagens matprodusent
- **Styrke satsing på verkemidlar som kan betre jorda si produksjonsevne.**
 - Til dømes drenering
 - FOU – sortar/teknologi/lettare maskiner
- **Pongtere i sterkare grad jordbruket si direkte verdiskaping over heile landet. Også jordbruket som grunnlag for verdiskaping i tilgrensande næringar som til dømes reiselivet.** *(Ministeren nemnde sjølv dette på Mat og landbruk)*
- **Satse på FOU med utgangspunkt i jordbruket sine ressursar**
 - Foods of Norway
 - Peike på landbruket som ein del av løysinga i ei tid der oljeinntekta sviktar
 - Utmarksressursar
 - Jordressursen
 - Menneska i landbruket
- **Rekruttering**
 - Den menneskeleg faktoren vert ofte gløymt. Skal ein lukkast med å auke matproduksjonen må ein også tenkje rekruttering
 - Kompetanse

- Økonomiske verkemidler ved eideomsverdraging
- Legge til rette for at ein kan sleppe til tidlegare

Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/760-3

Innlegg til melding om jordbrukspolitikken

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:
 - a. Det er behov for forskning og utvikling innan grovfôrproduksjon slik at ny teknologi og kunnskap kan bidra til meir effektiv husdyrhald.
 - b. Investeringsstøtta til driftsbygningar må aukast kraftig om mjølkeproduksjon og produksjon av kjøt frå storfe skal oppretthaldast i tråd med nye retningslinjer frå 2024.

Vedlegg:

1. Fråsegn – innspel til ny jordbruksmelding v/Sogn og Fjordane bondelag
2. Lausdriftskravet 2024 – fråsegn frå Sogn og Fjordane bondelag

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Landbruks- og matdepartementet la ut ein invitasjon til å komme med innspel til meldinga om jordbrukspolitikken på sine nettsider 26. januar 2016. Frist for å levere innspel er 1. februar. Det er avtalt rom for å sende uttalen etter handsaming i hovudutvalet den 2. februar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har invitert bondelaget og bonde- og småbrukarlaget i fylket til å komme med sine innspel til melding om jordbrukspolitikken. Sogn og Fjordane bondelag har levert eit innlegg og ei styresak som omtalar eit av fylkeskommunen sitt innlegg om behov for investeringsauke. Desse ligg ved saka. Innspel frå bonde- og småbrukarlaget er presentert i saka.

2. Bakgrunn for saka

Landbruks- og matdepartementet skal utarbeide ei ny melding om jordbrukspolitikken. Dette skal vere ei næringspolitisk melding som skal leggje rammer for norsk matproduksjon framover. Spørsmål som vert handsama i meldinga er korleis matproduksjonen kan auke, effektiviteten kan styrkast og korleis konkurransekrafta for jordbruksnæringa kan betrast.

3. Vurderingar og konsekvensar

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke og satsinga på landbruk er viktig. Det er eit politisk mål å halde oppe eit levande landbruk i heile landet og for Sogn og Fjordane spelar landbruk ein større del av sysselsettinga og næringsstrukturen enn andre fylke. Norsk landbruk har eit samfunnsansvar for å sikre nok trygg og variert mat med god kvalitet, men medverkar like fullt til desentralisert busetnad og næringsliv som er spesielt viktig i Sogn og Fjordane.

Innspel frå Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag:

Fylket vårt har også noko som er vellukka som vi ikkje må gløyme; frukt og grønt. Vi har ein stor foredlingsindustri som tek imot varer, også frå nabofylka. Her som andre stader er utkantane i ferd med å tape i konkurransen. Bruksnedlegging og nedgang i areal i drift pregar mange bygder. Gode målformuleringar har vi hatt rikeleg av i lang tid frå alle parti utan synderleg verknad. Det grunnleggjande er at det blir betre økonomi for alle typar bruk, store og små, bratte og dei mindre bratte Berre slik kan beiteresursane i vårt fylke bli utnytta. I ei tid det blir spurt om sysselsetting til fleire burde ein sjå til landbruket.

4. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:

- **Behov for FoU innan grovførproduksjon:**
Jordbruksarealet i Sogn og Fjordane vert i hovudsak nytta til grovførproduksjon. Det er fulldyrka areal til slått, overflatedyrka areal og innmarksbeite som dominerer. Berre nokre prosent vert nytta til åkerareal. Heile Vestlandet (utanom Jæren) har gode føresetnader for grovførproduksjon, men krev målretta satsing for å halde oppe produksjonen. Det er behov for eit samordna arbeid forskning og utvikling innan grovførbasert husdyrshald. Dette gjeld til dømes dyrking av fôr, maskiner og reiskap, hysdyrrom og innandørsmekanisering. Teknologi og kunnskap opnar for andre måtar å drive hushaldet på.
- **Auke investeringsstøtte til driftsbygningar:**
Det er gjort endringar i nasjonale retningslinjer som gjer at båsfjøs til kyr ikkje lengre vil vere lovleg frå 2024. Dette gjer at bøndene må leggje om til lausdriftsfjøs for å kunne fortsette mjølkeproduksjonen i tråd med dei nye krava. Dette krev store investeringar og set store krav til planlegging, finansiering og drift. I 2015 er 32 % av kyrne i Sogn og Fjordane i lausdrift. På landsplan er talet 46 %. Dette understrekar at det er behov for å auke investeringsstøtte til driftsbygningar om vi skal kunne oppretthalde produksjon av mjølk og kjøt frå storfe i fylket. Saka er løfta fram av styret i Sogn og Fjordane bondelag som ser på dette som den viktigaste saka for utviklinga av landbruket i fylket vårt (vedlegg 2).